

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Agdenes

Emne: Juletre og julekalam.

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elva

Gard: Elva

(adresse): Frusterfjorden

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Juletre er no vanleg i bygda.
2. Når juletre var brukt fyrste gong her, veit vi ikkje; men eit av dei fyrste var vanleg her hos oss året ca. 1880.
3. I kyrkja har det aldri vore juletre her. Dei fyrste juletre var i heimane, seinare på festar i møte- og bedehüs.
4. Pynt med kvister og papir istadenfor juletre har ikkje vore brukt.
5. Fkkje vanleg sett ein opp kvister og papirpynt når ein har juletre; men det har vedd enkelte gonger at grøne kvistar var oppsett, helst attmed ovnen, men slike vart ståande berre nokre få dagar.
6. Spoleiken er etter som ein har rom til. I heimane ourlag ei lita mannshøg, - eller our det står på bord eller ein krakk (det siste er likevel sjeldan) tilsvarende mindre.
7. Det er pynta med glas-glimmer-kuler av gnis lét, storeik som epler og plommer, og glimmerbrødar (lyste varer?) heimelaga papirkorger med nøtter eller andre godter i, heimelaga papirlekkjer og reuser. Og så lys; det var - og er - beste pynten.
8. Det fyrste juletreet eg såg - vanleg eit av dei fyrste

som var i leggda - var det far som pynta. Det var ingen andre i huset til å gjera det. Vi, eit par born, var for små til å gjera det. Mor hadde nokk arbeid likevel; ho skulde koke og lage småt, vaske og stelle oss iungau'. Vi hadde ikkje juletre alle år, men seinare, da vi borna vaks til, var det vi, serleg gjentone som stelte med treet, elles det var kome i skua.

9. Fyrste treet (eg minnest) vi hadde, stod på eit lite bord. Det var ei lita gran om lag 1 alen høg. Til fot som treet stod i, hadde far saga eit kene av ein bjørklegg, og eg lykkjast einu gje far stå attmed bordet og pynte treet.

Seinare har vi hatt større tre, ståande på golvet og i ein vauleg kross til fot. Men dette vesle, fyrste treet ligg liksom finast i minnet. -

Det skulde helst vera gran, men det er ein nokro gjeldau kresort her, så mange - dei fleste - har brukt furu. Ekkje alle er så vand om storleiken på treet, så den har vore så yuse, og pyntinga har i mange tilfelle vore så måleleg.

10. Gjosa vart kundert julekvelden og braun medan julesalmua vart songe og juleevangelia lese. Seinare i jula vart gjosa kundert når det var gjester. Var det born gjekk dei da med song rundt treet.

11. Dei song da vaulege juletalningar og -sogar.

12. Juletreet står minst heile jula, til gjengaudedag; men bli jaunt ståande så lenge barnalorne sit fast på kvistau'. - i år laugt ut i februar.

13. Borna får "hauste" treet, på ein gjestebodsdag; men "plyndre" treet gjer vi aldri. Det blir elles ingen gjera.

14. Helst gran til juletre, men til naud furu. Ein einokvist vit eg har vore brukt, men berre i serkone.

15. Har vi ikkje gran eller furu, bli det ikkje juletre.

16. Vi vrit ikkje om at tré vart sett opp utaufor huset.

1. Fugen som no liver her minnest halum på golvet;
men vi har høyrd mykje tale om julehalum.

2. - -

3. Halumen vart vonleg lagd frammed ein vegg
sleis som vi no kerkjer oss reidd „flatseng“.

4. Ein skulde sova i halumen julematte, om det
elles vart vidare soving av. I den tid jule-
halum vart brukt, var det vel også julebrennvin,
og da vart det vel sove, ikkje berre julmatte
men lenger utover.

Skikken med julehalum er vonleg svært
gammal, - helst frå den tid det var berre
jordgolv i mange hus. Når det skulde vera
sers festleg hadde dei da halum på golvet. Men
her i Agdenes har det sikkert ikkje vore halum
på golv i dei siste 100, ja, kanskje
halvtanna hundrad år.

4063

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING